

Årsmelding 2021,
 Besteforeldrenes klimaaksjon Arktis, Tromsø og omegn,
 for perioden 6.mars 2021 – 17.mars 2022.

ORGANISASJONEN

Årsmøtet 2021

vart halde på Tromsø Museum 6. mars. Åtte medlemmar møtte. Torben Marthinus heldt eit svært interessant føredrag: *Klimatilpasning – en gjøkunge i klimadebatten?*

Handlingsplanen for det kommande året vart diskutert. Det vart vedtatt at vi skal halde fram med dei tre fokusområda som blei vedtatt på førre årsmøtet: a) Oljeboring i Barentshavet. b) Jernbanesaka c) Atomdrivne ubåtar i Tromsø. Flaum, havnivåstiging og arealforvalting, vil også vere aktuelle saker. Det vil også kunne bli andre aktuelle klimaspørsmål som medlemmene er opptatt av eller som blir aktuelle fram mot valget. Det er naturleg da vi jobbar saman med andre organisasjoner.

Styret

Det nye styret konstituerte seg på første styremøte, med Ingunn Elstad som leiar, Toril Jenssen som nestleiar, Synnøve des Bouvrie som kasserar, Asbjørg Fyhn som ansvarleg for kontakt med andre organisasjoner, og Grete Mathiesen som sekretær. Grete tok på seg å vere fast referent, det hadde til då gått på omgang. Det har fungert veldig bra.

Framtiden i våre hender har tidlegare lånt oss lokal til parolemailing og styremøte. Frå 1. april 2021 har vi fått leigeavtale med Fivh om bruk av lokala i 3.etasje Storgata 88, til styremøte, lager av utstyr og maling av parolar. Vi avalar bruken av lokalet frå gong til gong. Leigeavtalen har gjort arbeidet mykje meir lettint.

Styret har hatt 12 møte mellom 6. mars 2020 og 17. mars 2021, to av dei på Skype, pluss julegløgg.

Organisasjonen

Medlemmer i styret har deltatt på digitale lokallagssamlingar i BKA 22. mars, 26. april, 25. mai, 21. juni, 16. nov. 2021 og 7. feb. 2022. Vi har fått mykje informasjon og meir kontakt i organisasjonen. Fire medlemmer frå lokallaget deltok på Landsmøtet i Trondheim 2. og 3. okt. Det var fleire gode føredrag, og vi knytte nye kontaktar. Vi deltok også på ekstraordinært landsmøte på zoom 14. des.

Vi var bedne av BKA sentralt om å diskutere eit innkome forslag om at BKA skal inkludere arbeidet mot tap av naturmangfald i formålsparagrafen. Dette blei diskutert på styremøte 15. april, og stemninga var for forslaget, men utan at vi vedtok noko. Saka var også oppe på det digitale møtet for lokallaga 26. april, og skulle behandlast på landsmøtet 2021, men vart utsett.

Vi har hatt godt samarbeid med Halfdan Wiik som redaktør for nettsida til BKA. Leiarane for lokallaga er blitt intervjua på nettsida og bedne om synspunkt på arbeidet.

Medlemmene

Talet på medlemmer og støttemedlemmer i BKA Arktis Tromsø og omegn steig jamt frå 143 til 194 gjennom kalenderåret 2021. Vi har verva medlemmer når vi har hatt stand. Pr. 13. februar 2022 har vi 205 medlemmer, 54 av dei støttemedlemmer. Vi har hatt tre utmeldingar. Arbeidet i styret er blitt lettare etter at medlemsregisteret vart lagt inn på Styreweb. Grete og Ingunn var med på kurs i Styreweb 20. mai, og er administratorar.

Mellan årsmøtet mars 2021 og årsmøtet mars 2022 har Ingunn skrive og sendt ut sju medlemsbrev, med fortløpande informasjon om aktiviteten og planane. Styret har ønska eit sterkare medlemsdemokrati, for eksempel medlemsmøte der ein får diskutert politikken og arbeidet i lokallaget og fatta vedtak. Men koronasituasjonen har vore eit hinder, og utoverretta aktivitet er blitt prioritert i 2021 som i 2020. Når vi arrangerer opne møte, legg vi i større grad til diskusjon blant deltakarane.

Kontakt med BKA-medlemmer i Troms utanom Tromsø:

Aktiviteten er dessverre framleis konsentrert til Tromsø, sjølv om lokallaget har medlemmer i heile fylket. 8. juli hadde Asbjørg og Toril valgstand i Finnsnes sentrum for Besteforeldreaksjonen, med utdeling. På førehand var det informert om standen til medlemmene i Sørreisa, Finnsnes og Dyrøy. Men til no har lokallaget ikkje fått kontaktpersonar for BKA utanfor Tromsø. Det må bli ei viktig sak i 2022.

Toril har hatt kontakt med BKA-medlemmer i Alta, og det er avtala at vi skal besøke dei våren 2022.

Klimakafé

BKA-medlemmer har møttest uformelt på kaféen Spiseriet i Tromsø annankvar onsdag mellom 12 og 13. Vi har hatt klimakafe 17 gongar sidan årsmøtet i 2021, med ein pause på våren på grunn av koronatiltaka. Klimakafeen er eit viktig idéforum i lokallaget. Frå februar 2022 er det eit nytt opplegg: ei kort innleiing til diskusjon. Det går på omgang å legge fram muntleg ei problemstilling eller ein avisartikkel (for eksempel) som ein vil diskutere. Klimakafeen er både eit sosialt treff, og ein stad der aktuelle saker blir diskutert.

Samarbeid lokalt

Vi har avtala samarbeid med NAM- Nei til atomdrevne militærfartøy i Tromsø (sjå nedanfor).

8. april hadde vi møte med Spire - miljøorganisasjon for ungdom og unge voksne, lokallag Tromsø, og vart einige om å samarbeide om avisinnlegg om temaet vekst og forbruk. Det første innlegget kom i Nordnorsk debatt 12.06.21: «Hva og hvem vokser vi for i Norge», av Eirin Sundby og Gry Årsand, på vegne av Spire Tromsø. Neste var «Sett pris på det vi har», underteikna av styret i BKA. Den siste utløyste ein kort debatt i kommentarfeltet.

Miljøhelga på Gåsvær 28.-29. august hadde som tema «Kva betyr det grønne skiftet – for oss og for politikerne». Grete var vår kontaktperson. Arrangører var Fremtiden i Våre Hender, Naturvernforbundet i Troms, Natur og Ungdom, Tromsø kristelige Studentforbund , Spire og Studentprestjenesten. Det var også strandrydding. Grete og Ingunn deltok den første dagen, Asbjørg den andre. Mange miljøengasjerte studentar frå andre land deltok.

2. des. 2021 var BKA Arktis invitert av Framtiden i våre hender til å vere medarrangør på ei boklansering. Forfattaren Dag Hoel presenterte «I Hamsuns kalosjer. Et økodrama med mor, fire høner og en rev» i Sparebanken Nord-Norge.

18. feb. 2022 inviterte BKA sitt lokallagsstyre natur- og miljøorganisasjonar i Tromsø til samarbeid for å protestere mot olje- og gassutbygging i Barenthavet, særleg Wistingfeltet. Vi inviterte Natur og Ungdom, Spire, Naturvernforbundet og Framtiden i våre hender.

Presentasjon av BKA

Lokallaget er også blitt med i «Frivillighet i sentrum» i Tromsø, som arrangerer torgdag for frivillige lag og organisasjonar. Synnøve har laga ein kort presentasjon av BKA i plakatformat.

10. feb. 2022 var Grete og Ingunn hos Rotary Syd i Tromsø for å presentere Besteforeldreaksjonen og kva vi står for. Vi vart møtt med interesse, og fekk nye støttemedlemmer.

AKSJONAR OG ARRANGEMENT

Kvinnedagen 8. mars

Lokallaget i BKA ved Toril deltok i planlegginga av Kvinnedagen 2021 i Tromsø. parolen vår «Klimaendringer raserer livsgrunnlaget – klimahandling nå!» vart vedtatt som ein av hovudparolane, under seksjonen om internasjonal kvinnedelsolidaritet. På grunn av koronapandemien gjekk arrangementet digitalt. Vi fekk tillating til å sette parolen vår til utstilling i inngangspartiet til Kystens hus i Tromsø.

Toril deltok også for BKA i planlegginga av Kvinnedagen 2022. Folk var opprørt over krigen i Ukraina. «Solidaritet med kvinner på flukt» var ein av hovudparolane, og demonstrasjonstoget samla nærmare tusen. Klimaparolen var om lag den same som i 2020 og 2021: «Klimakrisa raserer livsgrunnlaget – klimakamp nå!» 25-30 personar gjekk bak denne parolen.

Nord-Norgebanen

er ei viktig sak både for lokallaget til BKA, og for mange organisasjonar og offentlege instansar. Her oppsummerer vi arbeid som er lagt ned av medlemmer i BKA sitt lokallag. Hilde Sagland, Olsborg, er styremedlem i Tromskomiteen for jernbane og har kjempa for Nord-Noreg-banen i mange år. Ho har følgd tett opp Stortinget sitt fleirtalsvedtak 20. april 2021, som bad regjeringa starte arbeidet med å realisere Nord-Noregbanen. Sjå f.eks. Nordnorsk debatt, Hilde Sagland 27.09.2021: «Hvor blir det av toget våres?»; 25.10.2021: «Interlendum for Nord-Norgebanen»; 23.11.2021: «Nullvisjoner for Nord-Norge» og 10.02.2021: «Er regjeringen i ferd med å spore av?»

Synnøve des Bouvrie har lenge vore sterkt engasjert for eit høghastigheitskonsept der jernbanen kan avløyse tungtransporten på vegane og delar av flytrafikken. Jf. Innlegg av Synnøve des Bouvrie i Nordnorsk debatt 16.11.2021: «Høyhastighetsbane for klimaet.» Synnøve samarbeider med det Ålesund-baserte firmaet Norsk Bane, ved Thor Bjørlo, som også er medlem av BKA. Synnøve har formidla kontakt mellom Norsk Bane og det nyoppredda Arktisk Jernbaneforum under fylkesrådet.

5. nov. 2021 sendte lokallagsstyret ved Synnøve brevet «Innspill om Nord-Norgebanen» til statsrådane Barth Eide, Klima- og Miljødepartementet, og Nygård, Samferdsledepartementet. I brevet blir det argumentert inngående for at konseptvalet må setjast i eit overordna

klimaperspektiv. Ein må undersøke moderne teknologi, dvs. høghastigheitsbane i fleirbrukskonsept. Det må sørgst for at omsynet til reindrift, andre beitenæringer og natur blir ein gjennomgripande føresetnad for planlegginga, og at det blir utvikla omforeinte løysingar. Samferdselsministeren svara 1. mars 2022 at Jernbanedirektoratet skal gjennomføre ei konseptvalutredning om Nord-Noregbanen Fauske-Narvik-Tromsø med muleg sidebane til Harstad, med konsekvensar for jernbanenettet på norsk og svensk side. «I tillegg til ordinære samfunnsøkonomiske analyser og kostnadsestimater er vi opptatt av at Jernbanedirektoratet grundig skal utrede konsekvensene for reindriftsnæringen, samiske interesser og klima og miljø i arbeidet med konseptvalutredningen.» Vegvesenet gjennomfører dessutan ei konseptvalutgreiing som omfattar alle transportformene i Nord-Noreg. Begge utgreiingane skal vere klar sommaren 2023.

Styret i lokallaget planlegg eit ope møte om jernbanesaka, der Thor W. Bjørlo i Norsk Bane, vil orientere. Han kjem nordover i april. Møtet blir i Tromsø, i Sparebankens festsal. Datoen blir snart bestemt.

[Atomvåpen og atomdrivne ubåtar](#)

Frå og med 7. juni 2020 har Besteforeldreaksjonen lokalt deltatt i fleire markeringar mot anløp av atomdrevne ubåtar til sivil hamn på Tønsnes. Styret kom fram til at det både dreier seg om tryggleiken for barn og unge og om klimaet. I januar 2021 vart organisasjonen Nei til atomdrevne militærkartøyar (NAM) formelt stifta i Tromsø, som ein lokal organisasjon som undersøker dei juridiske spørsmåla i saka, og frontar den lokale motstanden. BKA styret har vedtatt å samarbeide med NAM, først og fremst ved gjensidig informasjon. Asbjørg Fyhn er styremedlem både i BKA Arktis og i NAM.

BKA, Naturvernforbundet og Nei til atomvåpen sendte eit ope brev til Tromsø kommune: «Hva er situasjonen mht mottak av amerikanske ubåter ved den kommunale industrihavna på Tønsnes?» Brevet stilte spørsmål om tryggleiken for sivilbefolkinga. Det vart også sendt til dei politiske partia i Tromsø, og trykt i «Nordnorsk debatt» 17.03.2021.

BKA er partnar i den internasjonale kampanjen for avskaffing av atomvåpen, ICAN. Lokallagsstyret slutta seg til «Nei til atomvåpen» sin demonstrasjon i Tromsø 30. april 2021, saman med NAM.

Dei nye amerikanske militærbasane skal til behandling i Stortinget våren 2022. Høyringa hadde frist 8. des. 2021. Lokalstyret i Besteforeldreaksjonen vedtok å skrive eit høyringssvar til Forsvarsdepartementet, med vekt på konkrete konsekvensar for miljø, helse og klima. Høyringssvaret vart trykt i fleire avisar med tittelen «Militærbasar mot klima og livsmiljø» 9. des. 2021.

[Stortingsvalet 2021](#)

Det sentrale valutvalet i BKA hadde planlagt hovudtrekka i valkampen. Dei laga våren 2021 ei samanstilling av klimapolitikken til kvart av dei politiske partia. Frå Tromsø deltok Ingunn i arbeidet. Resultatet vart samanfatta grafisk i BKA sin flotte valannonse. Lokallaga vart oppfordra til å sette valannonsen inn i lokalavisene. Vi hadde ein kvartsides annonse i «Nordlys» 6. august. Deretter fekk vi dekt frå sentralt ein halvsides annonse i «Nordlys» 19. august, då avisa hadde fulldistribusjon til husstandar som ikkje abонnerer. Det vart ein feil i annonsen, slik at «Nordlys» måtte trykke han tre gongar.

Frå sentralt var det lagt opp til tre aksjonsveker før valget. I veka 31.- til 5. juni hadde vi stand to gongar i Tromsø sentrum. Løpesetlane som var bestilt, var ikkje komne, så laga vi løpesetlar sjølv, med «Barnas klima – valgets hovudsak!» og «Noreg må slutte oljesatsinga i Arktis! Ingen løyve til leiteboring i Barentshavet!»

Vi hadde også stand tre gongar under dei to aksjonsvekene i august og 5. sept, med løpesetlar frå sentralt, plakatvestar og flagg. Vi arrangerte eit ope møte «Tid for klimahandling» 1. september. Professor i polar meteorologi Rune Graversen hadde ei svært interessant innleiing om klimasituasjonen i nord, ut frå FN's klimautval sin delrapport 1, Ingunn innleia kort om klimakrisa og valget. Diskusjonen etterpå var også lærerik.

Bærekraftsenter i Tromsø

Remiks miljøpark planlegg eit stort bærekraftsenter for gjenbruk i Tromsø. 17. november inviterte dei til samarbeidsmøte i Tromsø. Asbjørg møtte for Besteforeeldreaksjonen.

Klima og olje

Ungdomsorganisasjonen Spire tok initiativ til markering av global skolestreik for klimaet 24. september utanfor Rådhuset i Tromsø. Framtiden i våre hender og Besteforeeldreaksjonen slutta seg til. Det var mange unge folk med sjøvlaga plakatar, slagord og sangar, ein flott aksjon.

6. november hadde Besteforeldrene stand på torget i Tromsø, til lyd av båreslag, for temaet var havnivåstiginga framover i århundret. Ho var visualisert på eit kart utarbeidd av Torben Marthinus, pensjonert rådgiver i Tromsø kommune/ Framtidens byer, og medlem i Besteforeldrenes klimaaksjon Arktis.

13. november, i samband med klimatoppmøtet i Glasgow, arrangerte ungdomsmiljøorganisasjonen Spire, Fremtiden i våre hender, Naturvernforbundet og Besteforeldrenes klimaaksjon punktdemonstrasjon i Tromsø. 42 personar møtte opp i vind og sludd. Mange hadde laga eigne plakatar. Det var appellar frå Spire, Besteforeeldreaksjonen og Naturvernforbundet.

Ingunn Elstad og Tove Indregard hadde innlegget «Avhengig av oljen?» i Nordnorsk debatt 4.mai 2021 og i fleire andre aviser. Ingunn hadde kronikken «Velferd i oljealderen» i Nordnorsk debatt 3. mars 2022.

I 2022 har styret diskutert det planlagte Wistingfeltet. Vi har hatt stand 19. feb. og 12. mars, med nye løpesetlar om Wistingfeltet. Den 17. mars blir det ope møte med diskusjon, der Wisting vil stå i fokus.

Avisinnlegg

Avisinnlegg har vore ei viktig arbeidsform også i 2021. Mange ligg på lokallagssida til besteforeeldreaksjonen <https://www.besteforeeldreaksjonen.no/tromso/>

Tromsø, 14.03.2022

Ingunn Elstad,

styreleiar i Besteforeldrenes klimaaksjon Arktis, Tromsø og omegn.

